



Elevrådet etter det siste møtet sitt: Foran sit frå venstre Emilie Bringedal (kasserar), Marit –Inga Traavik Sture (sekretær), Karen Pedersen Brede og Veslemøy Haugland. Bak står, frå venstre, Elisabeth Rebaudo, Victoria Andersen Eik, Maren Huse Bjørnebøle, Bjørn-Martin Haugland (leiar), Amalie Hovden Rød, Hans Magnus Sæle Kårstad, Stine Soldal og Fredrik G. Haugland. Kjartan Elias Tungesvik og Malin Bakke Eik var ikkje med på møtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Elevrådet ved skulen har hatt møte og fordelt pengar til gode føremål. Rådet hadde ein sum på 41.740 kroner til disposisjon. Pengane skulle eigentleg gått til ei hengjebru, men denne vart for dyr.

- Den ville kosta mellom 100.000 og 140.000 kroner, opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no

Av summen skal det no gå 23.000 til ei tallerkendisse, 4.000 til ein oppbevaringsvogn og 1.500 til eit bøtte- og spadeseff.

Det vart også bestemt at ein sum skal brukast til musikkanlegg, men kor mykje er ikkje avklara enno.

Musikkanlegget skal nyttast i midt-timen av elevane frå femte til sjuande klasse.

Det vil vera eit tilbod der dei kan snakka saman og høyra på musikk.

Elevrådet vil takka 17.maikomiteen for 3.000 kroner som komiteen gav til rådet og som skal gå til uteplassen.

Av Ola Matti Mathisen